



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Undervisningsutvalet	30.03.2007	031/07	RAB

Saksbeh

Randi Bjørneset

Arkivsaknr

2007000266

Arkiv

K2-C60

BIBLIOTEKREFORM 2014 - HØYRING**SKULESJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Undervisningsutvalet i Askvoll sluttar seg til høyringsuttalen om Bibliotekreform 2014.

30.03.2007 UNDERVISNINGsutVALET

Røysting: Samrøystes vedtak

UUV-031/07 VEDTAK:

Undervisningsutvalet i Askvoll sluttar seg til høyringsuttalen om Bibliotekreform 2014.

SAKSDOKUMENT:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	05.01.2007	Det Kongelege kultur- og kyrkjedepartement	HØYRINGSBREV - BIBLIOTEKREFORM 2014

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**Kva saka gjeld:**

I brev 05.01.07 ber Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet om høyringsfråsegn frå kommunane knytt til Bibliotekreform 2014. Reforma er utarbeidd av ABM-utvikling og omfattar alle offentlege bibliotek i Norge.

Askvoll kommune v/skulesjefen har delegert utforming av høyringsfråsegn til biblioteksjefen, og fråsegna vert lagt fram for undervisningsutvalet til handsaming. Høyringsfrist er 1.mai 07.

Saksutgreiing:

GENERELL KOMMENTAR

Bibliotekreform 2014 har som mål å utvikle bibliotektenestene i Norge i samsvar med samfunnsutviklinga. Reforma legg vekt på at bibliotekvesenet skal satse på å utvikle digitale og nettbaserte tenester ved hjelp av satsingsområdet Norsk digitalt bibliotek. Biblioteka skal framstå for brukarane som ein tenesteytar – Norgesbiblioteket - som skal yte tenester mest mogeleg likeverdig for alle bebuarane i landet. Vidare er målet at det skal satsast på kompetanseheving og forskning.

INNHALDET I REFORM 2014 MED KOMMENTARAR

1)

Norgesbiblioteket Målområde I Innhald og tenester

Eit digitalt abm-program skal gje alle enkel tilgang til digitale innhaldsressursar.

Eit norsk digitalt bibliotek skal utvikle gode nettbaserte tenester. Vidare skal det etablerast eit program for digitalisering av materiale. Biblioteka skal vidareutviklast som læringsarena og læringsressurs samt vere gode litteratur og kulturfomidlarar.

Utgreiinga er bygd opp slik at det er utforma konkrete tiltak for kvart område. Tiltaka skal gjennomførast i ein avgrensa tidsperiode, og oversikt over kostnadane er lista opp sist i utgreiinga.

Kommentar:

Framlegget har mange og positive tiltak som til saman vil verte eit løft for bibliotekvesenet i landet vårt. Vi ser det slik at dei tre først punkta føreset nasjonal styring og oppfølging då varierende lokal kompetanse og økonomiske føresetnader vil føre til store ulikskapar. Vi treng nasjonale tiltak, men det må gjerast grep som sikrar at utkantane har nytte av den nasjonale satsinga.

Når det gjeld dei følgjande punkta vil det derimot vere avgjerande at lokal forankring vert sikra. Det heiter at biblioteket skal vere bidragsytar til kunnskapssamfunnet, sikre tilgang til kunnskap og kultur, vere kulturell og sosial møteplass og drive litteraturformidling til barn og unge. Her vil kunnskap om lokale tilhøve og nærkontakt med brukarane vere viktige faktorar. Vi må ta vare på og utvikle det kulturtilbodet og den viktige møteplassen som folkebiblioteka representerer i bygdesamfunna våre.

2)

Norgesbiblioteket Målområde II Struktur og organisering

Her er målet å styrke og utvikle dei organisatoriske einingane i Norgesbiblioteket, vidareutvikle det fysiske biblioteket og utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Norgesbibliotek. Det skal også utviklast metodar for evaluering og kvalitetsheving av biblioteka.

Punkt 2.1 Tiltak:

”Etablere sterkere og mer kompetente folkebibliotek gjennom en *konsolideringsprosess* som omfatter bibliotekene i flere kommuner.”

Kort samanfatta kan ein sei at tiltaket legg opp til at fleire kommunar innanfor eit geografisk område skal gå saman om å etablere eit felles *konsolidert* bibliotek, som skal ha minst ei avdeling i kommunane det skal omfatte. Eit *konsolidert* bibliotek skal ha minst 6-8 årsverk fordelt på variert bibliotekfaglig kompetanse. Det er Fylkeskommunane - i samarbeid med kommunane - som skal lage bibliotekplanar for sine fylke, med sikte på omorganisering til *konsoliderte* bibliotek.

Kommentar:

Geografi og kommunikasjonar i vårt fylke gjer at tanken om *konsoliderte* bibliotek verkar vanskeleg å gjennomføre i praksis. Full råderett over kommunale midlar er også eit argument mot ei slik organisering. Derimot kan mange former for samarbeid vere ei like god løysing. Kommunane kan samarbeide, det har vi gode eksempel på frå vårt fylke, og samarbeid eller samanslåing av skule- og folkebibliotek har vist seg å vere fruktbart for begge partar.

Vi ser det som uheldig og urettferdig overfor distrikta at *konsolidering* skal vere avgjerande for tildeling av midlar til utviklingsarbeid

Punkt 2.1 inneheld også eit tiltak om utvikling av skulebibliotek og målet er at eit program for dette skal vere iverksett i løpet av 2009. Vi meiner det er på høg tid at ein kjem eit steg vidare i spørsmålet om samarbeid folke- og skulebibliotek. Den felles målgruppa som dei to bibliotekformene har, gjer at ein vil vinne mykje på eit tett samarbeid. Særleg vil vi få eit betre resultat dersom dei statlege satsingane på lesetrenings- og litteraturformidlingsprosjekt vert samordna nasjonalt.

3)

Norgesbiblioteket Målområde III Kompetanse og forskning

Målet er å fornye den samla kompetansen i biblioteksektoren og støtte faglig utvikling og kunnskapsdeling på tvers av bibliotekfaglige område

Kommentar:

Dette punktet er det som særleg skil mellom dei *konsoliderte* biblioteka og ”dei andre”. Tiltaka som er føreslått er å utvikle program for å styrke Norgesbiblioteket og dei *konsoliderte* biblioteka.

Vi treng fornying av kompetansen, men tykkjer det må femne vidare enn til dei som *konsoliderer* seg, alle - uansett organisasjonsform - må få delta i kompetanseutviklinga.

4) Oppsummering

Punkt som ikkje er kommenterte meiner vi kan stå slik dei er utforma. Bibliotek- Norge har venta på og sett fram til denne utgreiinga og vi tykkjer den inneheld svært mange positive og gode tiltak Men det store spørsmålet om konsolidering meiner vi må vurderast på nytt. Eit godt bibliotektilbod er ofte eit av dei få kulturtilboda bygdesamfunna har. Nettverket av bibliotek som er bygd opp over mange år er viktige som møteplass og som kunnskapskjelde. Sogn og Fjordane fylke har 107 000 innbyggjarar fordelt på 26 kommunar, det er lang reisetid internt i fylke og det er stor fråflytting. Både vårt og andre fylke med liknande utvikling treng å behalde dei institusjonane som er i bygdene. Vi meiner det må satsast på samarbeid i staden for konsolidering og at samarbeidsprosjekt må få utviklingsmidlar.